

Referat soknerådsmøte 15. januar 2019 kl. 18:15 på kyrkjekontoret

Til stades: Idar Simonsen, Lars Svendsen, Jostein Husa, Erling Walderhaug, Anna Marit Stormark, Solrunn Gullaksen og Mia K. Etokebe.

Meldt forfall: Tone Sævi og Ragnhild Husa.

S01/19	Godkjenning av innkalling og referat ok
Vedlegg	Referat frå sist sokneråd

S02/19	Skriv og meldingar
	Info om status på prestetilsetting blir eigen sak 10/19
	Mikrofon i kyrkja – Vi skal ha ein liggande i kyrkja, men om vi ikkje finn den vil vi kjøpe ny via Trond Einar Sørensen.
	Info om ungdomsarbeidar – Johanne Tungland kan ikkje vere med den 10. mars, men Idar tek seg av gjennomføringa av bokutdeling i kyrkja. Kyrkjeveje tek kontakt med Johanne ang. bibelkurs for 5. klasse.

S03/19	Planlegging av årsmøte
vedlegg	17. februar klokka 17:30. Soknerådet møter kl. 16:00 og lager til i Fiskarheimen. Jostein Husa tek opp suppa og varmar den. Mia Etokebe gjer innkjøp av kaffi, saft og anna tilbehør. Idar Simonsen held ein kort andakt. Lars Svendsen leiar årsmøte. Mia Etokebe skriv årsmeldinga og tek med rekneskap.

S04/19	Kvardag og helg – vegen vidare
	<p>Grete Herøy informerte om status og vegen vidare og det kom mange innspel. Redaksjonen ønskjer inn ein frå soknerådet som likar å skrive. Mia Etokebe skal spørje Turid Moldøen om ho kan tenkje seg å vere med i redaksjonen.</p> <p>Bladet skal vere soknerådes kanal ut og redaksjonen ønskjer meir engasjement slik at bladet kan fornyast og leve vidare.</p> <p>Mia Etokebe tek kontakt med trykkeriet om kva dei skal ha for setting av bladet.</p> <p>Økonomi: Vil vi ha reklameannonser? Skal vi gå ned til 3 nummer årleg? Vi tek det vidare til årsmøte. Mia Etokebe tek kontakt med rekneskap angåande økonomien. Vi ønskjer kvardag og helg som eigen post i rekneskapet for å få</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>betre oversikt.</p> <p>Soknerådet er positive til å ha med anna lokalt stoff utanom kyrkja si verksemd, så det kan ein fortsette med.</p> <p>Soknerådets referat skal sendes direkte til redaksjonen, så dei kan ha som informasjon.</p> <p>Påskenummeret er det neste bladet. Da skal Idar Simonsen skrive ei andakt og vi kan kanskje presentere den nye presten som kjem i juni.</p>
--	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

S05/19	Klokkenesta framover
	Infomøte 9. januar – ingen dukka opp. Iris Waage og Ingeborg Krüger har sagt dei vil gjere 1-2 tenester kvar i løpet av 2019. Dei treng opplæring. Mia Etokebe jobbar vidare med å skaffe fleire klokkarar, om dei er unge må dei ha ein rettleiar. Grete Herøy og Vilgerd Husa vil bli utfordra på dette.

S06/19	Avskjedsfest for Per Børge
vedlegg	27. januar kl. 12:30. Jostein lager mat. Ordet fritt. Vi bestiller kake med skrift: Takk, Per Børge. Anna Marit Stormark lagar ei allergivenleg kake. Mia Etokebe bestiller blomstarbukett. Lars Svendsen har ordna gåve frå kyrkjelyden som Bjørn Ådne har laga. AU møter onsdag 23. januar for å sette programmet. Koral skal synge og det vil og bli eit dramainnslag. Soknerådet møter laurdag 26. januar for å lage til. Mia Etokebe kjøpar inn kaffi, saft og pynt.

S07/19	Behov for støttekontakt
	lønn frå kommunen som støttekontakt for ei i kyrkjelyden. Støttekontakt må ha bil og ta ho med på gudstenester og møter i bedehuset. Tur på butikken og til Knarvik er også aktuelt. Solrunn Gullaksen er villig til å gjere denne tenesta, men vil gjerne gjere det i lag med nokon. Kyrkjeverja tek opp samtalen med kommunen om å få dette på plass.

S08/19	Behandling av permisjonssøknad
	Ragnhild Husa har søkt om permisjon ut denne soknerådsperioden og søknaden er i orden. Solrunn Gullaksen går inn i soknerådet som fast medlem.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S09/19	Eventuelle sakar
	1. påskedaggudstenesta er flytta til klokka 11:00

S10/19	Informasjon om ny prest
	<p>Lars Svendsen var med på intervju av ny prest. Kandidaten heiter Rune Minde. Han har bred erfaring og soknerådet trur han er ein god kandidat.</p> <p>Innstilling: I møte 15. januar 2019 ble det samråysta vedtatt at Fedje sokneråd ønskjer Rune Minde velkommen som sokneprest i Fedje- og Austrheim sokn. ut frå søknad og intervju trur ve at Rune Minde vil være ein samlande prest</p> <p>Vi ser fram til eit godt og positivt samarbeid.</p>

Leiar: Lars Svendsen

Referent: Mia Etokebe